

NVE

Postboks 5091

Majorstuen, 0301 OSLO

nve@nve.no

Rogn 28.03.2025

Høyringsfråsegn - saksnummer 201107642;

«Søknad om konsesjon forlenget utløpskanal Føssaberge kraftverk – planendring»

Som eigar av Rogn gard gnr 85/1 og som drivarar av Rogn camping er vi ikkje einige i NVE si vurdering om at saka om 200 m forlenging av utløpskanal og senka kraftverk er så lite omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er unødvendig.

Rogn gard blir ikkje direkte berørt av omsøkt forlenging, men vi kjenner naturgrunnlaget langs heile elvestrekninga frå Rogn til Tveit bru og veit at konsekvensane for natur- og kultur ikkje vert tilstrekkeleg belyst verken gjennom søknaden frå utbyggjar eller ved den avgrensa høyringa NVE legg opp til.

Søker argumenterer med at utviding og forlenging skjer i «allerede regulerte Storåne (Begna)». Vi presiserer at Storåne startar ved demingen ved Øylo – så ja, utsleppet frå Vangsmjøsa er regulert, men det er p.t. ikkje sett i verk andre tekniske inngrep eller tiltak som ytterlegare fjernar deler av vasstraumen i Storåne mellom Vangsmjøsa og Slidrefjorden.

Omsøkt forlenging vil minke vasstraumen vesentleg på omsøkte 200 m frå Tveit bru og vestover – ein strekning der elva er brei og grunn, og veldig synleg frå E16. Det er openbart negativt. Konsekvensane for det biologiske mangfaldet av slik forlenging krev alminneleg høyring for å bli forsvarleg belyst. Å argumentere med at «Storåne allereie er regulert» er egna til å bagatellisere følgene av omsøkt forlenging og senking. Alminneleg høyring vil få dette belyst på ein mykje meir forsvarleg måte.

Vi oppfordrar elles NVE om framover å nytte rett skrivemåte av Føssaberge.

Med helsing

Geir Endre Rogn

Rogn Fjellgard, orgnr. 926369024 rogn@topptrent.com

Nils Rogn,

Rogn kultur, camping og media, orgnr. 869251682 nilsrogn3@gmail.com